



Medlemer og varamedlemer

Referanser:

Dykkar:

Vår: 16/2405 - 17/10815

Saksbehandlar:

Arne Johannes Riisnes

Arne.Risnes@lindas.kommune.no

Dato:

05.04.2017

Møtebok for SU / SMU Ostereidet ungdomsskule 04.04.17

Desse møtte:

Foreldre: Hege T. Agdal
Vibeke Hellan Hindenes
Personalet: Øystein Ånensen
Brynjar Nordanger
Grethe Titland
Elevrådet: Marius Hellan Hindenes
Magnus Totland
Rektor: Arne Riisnes

Sak 12 / 2016 – 17: Godkjenning av innkalling og sakliste

Saksførebuing: Saklista vart send ut via sms og mail og eg håper ordninga fungerer betre etter kvart.

Framlegg til vedtak: Innkalling og sakliste vert godkjende utan merknader

Dette skjedde i møtet:

Vedtak: Innkalling og sakliste vert godkjende utan merknader

Sak 13 / 2016 – 17: Elevundersøkinga 2016

Saksførebuing: Rektor orienterer i møtet om Udir si elevundersøking og resultat av denne, samt skulen sine planar for å jobbe vidare med kritiske funn.

Post

postmottak@lindas.kommune.no
Dokumentsenteret
Kvernhusmyrane 20, 5914 Isdalstø

Kontakt

www.lindas.kommune.no
Telefon +47 56 37 50 00
Telefaks +47 56 37 50 01

Konto 3201.05.89311
Org.nr. 935 084 733



Framlegg til vedtak: SU/ SMU sluttar seg til skulen sin plan for å jobbe vidare med resultat av elevundersøkinga og ber om å bli halden informerte om arbeidet.

Dette skjedde i møtet: Møtet drøfta resultat av undersøkinga. Planen er at personalet arbeider ut tiltak innan felt der det ser ut til vere meste behov for det.

Vedtak: SMU /SU sluttar seg til framlegget til vedtak.

Sak 14 / 2016 – 17: Skulen si mobbeundersøking

Saksførebuing: Rektor orienterer i møtet om skulen si mobbeundersøking og utkomet av denne.

Framlegg til vedtak: SU / SMU sluttar seg til at skulen jobbar vidare etter mobbeplanen som ligg føre.

Dette skjedde i møtet: Møtet fekk delt ut mobbeplan og orientering om at undersøkinga i år vert teken innan 1. mai. Rapport til SU / SMU.

Vedtak: SU / SMU imøteser skulen sitt arbeid med mobbeundersøkinga og ber om at saka kjem opp att i neste møte.

Sak 15 / 2016 – 17: Skulen sine trivselstiltak

Saksførebuing: Rektor og elevrådsleiar orienterte i møtet om trivselstiltaka som er sett i verk og korleis dei har verka så langt.

Framlegg til vedtak: SMU/ SU uttrykkjer at dei er nøgde med at tiltaka er komne på plass og ber om å bli haldne oppdaterte på utviklinga.

Dette skjedde i møtet: Elevrådselevane sa seg svært nøgde med trivselstiltaka anten i vestibylen og inne på musikkrommet med stillare aktivitetar og spel. Elevane etterlyser vakt i musikkrom slik at «barnesjukdommar» i ordninga kan lukast bort. Melkebuansvarleg låser opp musikkrommet. Fint med all aktivitet og aktivitet på tvers av klassar. Elles meiner elevane at betre oppbevaring av mobilar er nødvendig.

Vedtak: SU/SMU seier seg nøgd med at Trivselsskule Ostereidet er komen i drift og håper at etter barnesjukdomane vert kurert.

Ute kan det verte aktuelt å setje i verk andre trivselstiltak i samarbeid elevar - skule. Skulen skaffar utstyr til å oppbevare mobiltelefonar på trygg måte.

Sak 16 / 2016 – 17: Arrangement frametter

Saksførebuing: Rektor og FAU-representantane orienterte om arrangement i skulen og eller foreldra / elevane sin regi frametter våren.

Framlegg til vedtak: SU/ SMU tek orienteringa til etterretning.

Dette skjedde i møtet:

Vedtak: Rektor summerer opp tiltaka i dag – til - dag plan for klassane.

Sak 17 / 2016 – 17: Felles statleg til og lokalt tilsyn

Saksførebuing: Rektor og elevrådsleiar orienterte om statleg og lokalt tilsyn.

Framlegg til vedtak: SU /SMU tek orienteringa til etterretning.

Dette skjedde i møtet: Alle takka elevane for innsatsen, men også foreldra var med og fekk stor takk. Rektor takkar også personalet og foreldra som møtte for å bidra i tilsynet.

Vedtak: SU/SMU tek orienteringane til etterretning og meiner det er god grunn til å vere både stolte og takksame når elevar og foreldre hjelper skulen til å vise seg på ein positiv måte.

Sak 18 / 2016 – 17: Einskildvedtak § 9A

Saksførebuing: Rektor orienterte om §9A og korleis saker etter denne lovparagrafen vert handsama.

Framlegg til vedtak: SU / SMU tek orienteringa til etterretning

Dette skjedde i møtet: Rektor orienterte om at det i regelen er kontaktlærer som har ansvaret for å følgje opp einskildvedtaka og at hensikta med desse vedtaka er å fokusere på at negativ åtferd eller utvikling skal opphøyre.

Vedtak: SU/SMU tek orienteringa til etterretning.

Sak 19 / 2016 – 17: Elevtilgang og ressursar

Saksførebuing: Rektor orienterte om situasjonen for skulen med berre ein ny 8.kl samt den gamle (nye) 9.kl.

Framlegg til vedtak: Ikkje noko framlegg

Dette skjedde i møtet: Det vart frå fleire av representantane fremja ynskje om eit betre og meir forutseieleg tilgang av elevar. Innsparingstiltaka har teke på. Det er slitsamt for fleire av dei yngre lærarane å leve i uvisse om det er arbeid eller ikkje. Ekstra løyving til buss ville truleg ført til at fleire hadde valt Ostereidet.

Vedtak: Rektor får fullmakt til å sende skriv til Lindås kommune for å gjere SU/SMU sitt syn kjend.

Sak 20 / 2016 – 17: Vedlikehaldsarbeid på skulen

Saksførebuing: Rektor orienterte om arbeid som er blitt gjort og arbeid som står att.

Framlegg til vedtak: SU/SMU tek rektor si orientering til etterretning.

Dette skjedde i møtet: Lærarrepresentantane orienterte om arbeidet som har vore gjort. Det burde vore investert i nye pultar større enn no. Like store pultar er bra sidan stolane er justerbare.

Vedtak: SU/SMU tek orienteringa til etterretning og ber skulen ta initiativ til å skaffe nye pultar.

Sak 21 / 2016 – 17: Neste møte

Saksførebuing: Det neste møtet bør har to saker: Beredskapsplan og evaluering av arbeidsåret.

Framlegg til vedtak:

Dette skjedde i møtet:

Vedtak: Neste møte måndag primo juni 2017. Rektor får fullmakt til å setje opp sakliste.

Med helsing

Arne Johannes Riisnes
skrivar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakarar:

Medlemer og varamedlemer